

Skulekorppssamlinga godt i gang.

04.04.2014



Yngve Nikolaisen er klar til oppstart med den store kornettgruppa. I morgen vert den delt i to.

I kveld kl. 17.30 møtte om lag 90 musikarar til den store skulekorppssamlinga som skal vere her heile helga. Musikarane kjem frå dei tre skulekorpsa vi har i Kvinnherad. I tillegg er gjestekorpsset frå Tysnes med. Samlinga kan arrangerast etter at Uskedal skulemusikk har fått 60.000 kr i støtte frå Sparebank1 Kvinnheradstiftinga til tiltaket.

I kveld var det tid til informasjons- og presentasjonsøkt før det vart to økter med gruppevis øving. Innimellom øvingsøktene var det kvelds i Helgheimskjellaren. Det var forventningsfulle og spente unge musikarar som møtte. Allereie i kveld kunne vi høre positiv utvikling i arbeidet med musikkstykka.

På seminaret er det leigt inn 7 sær dyktige instruktørar. Yngve Nikolaisen er som vi tidlegare har skrive musikalsk ansvarleg. Han har med seg Øyvind R. Nikolaisen, Rune Nesse, Sebastian L. Torjusen, Linda Fylkesnes, Tor Skeie Olsen og Håvard Kroka. Eit kjempesterkt team med mykje god erfaring!



Horngruppa vart leia av Sebastian L. Torjusen i kveld.

Oppstarten var lovande på alle måtar. For underteikna verka det som det var gjort eit særskilt godt og grundig førearbeid. På eit slikt storarrangement er det mykje som skal klaffe, og det verka særskilt godt organisert. Foreldregruppa var inndelt i grupper med ulike ansvarsområde. Kveldsmåltidet var i Helgheim. Det fungerte godt. Eit rutinert og godt sjakktrekk var det å gje dei ulike gruppen matpause med 5 minutt mellomrom for å unngå kø!



Randi Nybakk og Lene B. Taranger, to av foreldra i matkomiteen, gjer klart til kvelds.

I morgen held seminaret fram. Då vert det både fellesøkter og instrumentøvingsøkter før det om kvelden er festmåltid etterfulgt av diskotek og sosiale aktivitetar.

Søndag vert det meir øving før det vert stor konsert i Aktivitetshuset kl.15. Då vil eg tru det vert ganske så fullt i amfiet.



Fornøgde unge musikarar har forsynt seg under kveldsmåltidet i Helgheimskjellaren.

Foto: Knut Johannes Ripel og Thor Inge Døssland

Tekst og nett: Thor Inge Døssland